

Møteprotokoll for Vartdal sokneråd

Tid: 9. april 2014 kl. 19:00
Stad: Vartdal, SAKRISTIET VK

Frammøtte:

Kjetil Standal	Leiar
Kirsti Hånes Vartdal	Nestleiar
Arne Moltubak	Medlem
Anne Grete Barstad	Medlem
Inger Johanne Flåskjer	Medlem
Aase Aarskog	Medlem
Pål Heggstad	Medlem
Dorthea Mårstøl Woldsund	Medlem
Jan Ove Gravdal	Medlem
Aase Aarset	Varamedlem

Forfall:

Kjetil Standal leidde møtet
Aase Aarskog las frå bønneboka.

Til å skrive under møteboka: Alle som var på møtet.

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Signatur av referat frå møte 4.12.2013, 22.01.2014 og godkjenning av referat frå møte 5.03.2014 og 20.3.2014.

Referatsaker.

Ny kyrkjeverje. Arnstein Myklebust har teke jobben og kan sannsynligvis starte 5.mai i jobben.

Sylvia Ulstein har fått permisjon frå kontorjobben på kyrkjekontoret 1 år for å jobbe i Kirkeidata på Hareid.

Orientering om Samemisjonen ved Kirsti.

Istandsetting av kyrkjebygg (sjå vedlegg). Saka var sendt til medlemmane som vedlegg til innkallinga, og vart ikkje referert eller handsama.

Det kom inn kr 18 000,- i fasteaksjonen.

Sakliste:

- vs 21/2014 Påskefrukost
- vs 22/2014 Konfirmantfesten
- vs 23/2014 Konfirmasjon
- vs 24/2014 Syttende mai
- vs 25/2014 Endring av soknerådsmøte 11.6.
- vs 26/2014 Høyring om kyrkjebygg - endring i regelverk
- vs 27/2014 Eventuelt

vs 21/2014 Påskefrukost

Utgreiing.

Dekning av utgifter. Forslag om å ta 30 kr.pr.voksen.

Nokon som kan hjelpe til?

Meny

Vedtak:

Samde om å ta 30 kr pr voksen. Born under konfirmasjonsalder går gratis. Ein leiger 2 bord frå Varden. Vi går for lista som Irma laga. Marta og Gunnhild lagar 25 grove rundstykker kvar. Kirsti kokar 25 egg. Vi ber Irma kjøpe inn resten. Vi møtest halv ni om morgonen.

Desse blir med frå soknerådet: Kjetil, Aase, Pål?, Jan Ove?, Kirsti og Arne.

vs 22/2014 Konfirmantfesten

Utgreiing.

24. april kl. 19 – 21.

Oppmøte kl.18.00

Helsing til konfirmantane frå soknerådet med ein blome til kvar?

Vedtak:

Oppmøte kl.1800

Ansvar for møtelokala: Kirsti ordna med varme og nøkkel.

Kakeliste : Inger Johanne lagar Kvefjordkake. Aase lagar ostekake. Pål laga vafler.

Marta lagar rundstykker. Aase lagar skuffekake. Anne Grete lagar Oreokake. Dorteia lagar kanel i svingane. Jan Ove lagar vaniljeis med nonstop og peanøtter.

Pynt: Pål tek med litt tuja. Alle plukkar litt kvitveis.

Kjetil har ei helsing og delar ut ei rose til kvar. Kjetil har ansvar for innkjøp av roser.

Vi brukar serviset og bestikket på Varden.

vs 23/2014 Konfirmasjon

Utgreiing.

Ansvar for gåvemottak

Brannvakter

Vedtak:

Gåvemottak: Inger Johanne og Aase Iren.

Brannvakt : Dorteia og AnneGrete

vs 24/2014 Syttande mai

Utgreiing.

Bestille blommar, Sylvia? Kva? Liv Randi hente?

Anna å hugse på?

Vedtak:

Ingvald Bortne vil betale bukettane til støttene. Pål tek ansvar for innkjøp og snakkar med Bortne om dette.

Liv Randi ordnar med høgtalaren.

vs 25/2014 Endring av soknerådsmøte 11.6.

Utgreiing.

Ny dato tysdag 10.6. eller onsdag 18.6.?

Vedtak:

Ny dato for soknerådsmøte vert den 10.6. hos Gunnhild og Arne kl. 20.00.

vs 26/2014 Høyring om kyrkjebygg - endring i regelverk

Utgreiing.

Dette er ei litt stor sak som mellom anna handlar om vårt ansvar for kyrkja og korleis vi handterer ulike spørsmål om bruken av den og av inventaret mm. Det er nyttig lesestoff for vår eigen del, samstundes som vi har høve til å kome med innspel om saka. Eg oppmodar dykk til å lese igjennom saka (sjå under), og så får vi ta opp om vi skal behandle saka eller ikkje på møtet.

Vedtak:

Soknerådet vedtok å ikkje sende høyringssvar til kyrkjerådet

vs 27/2014 Eventuelt

Vedtak:

Vartdal, 9. april 2014.

Kjetil Standal
Leiar

Kirsti Hånes Vartdal
Sekretær